

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 18.10.2006 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Av 7 medlemmer møtte 4 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Sture Tveit
Sigmund Dyrhovden
Janne Drevsjø

I staden møtte:

Reidun Abotnes møtte i sakene 55 og 58/06 då Olaug Karin Øystese var ugild.

Utvalet var på synfaring på industriområdet på Rolvsvåg sak 55/06.

Andre som var tilstade på møtet:

Leiar av teknisk eining Bjarne Sverresvold og adm.sjef Tone Ramsli.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 25. oktober 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Leiaren ba om at utvalet handsama ei ekstra sak. Utvalet var samd i dette. Med denne endringa vart innkalling og saklista godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Olaug Øystese ba om statusrapport for svømmebassenget.

Sverresvold orienterte om saka. Offentleg bading vert utsett inntil vidare då det er ein del tilhøve som må rettast på.

Øyvind Røen viste til piggdekkforbod i Bergen. Etter drøftingar i utvalet vart det semje om å be ordføraren ta opp spørsmålet i kommunestyret.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Sverresvold orienterte om vassforsyninga for Rolvsvåg . Planlegging av tiltak som inkl. reinsing av drikkevatn går etter framdriftsplan. Det vert vurdert å plassera ut vanntank eller lignende i området då ein nok ser for seg ei lengre tid med koking av drikkevatn.

Det vart nemnd for utvalet at Statnett i samband med planlagt bygging av kraftlinje Sima – Samnanger ser seg om etter egna plass til å ta på land større gjenstandar, trafo m.m. Det kan vera aktuelt å byggje kai. Dei har m.a. sett på eit område på Bjørkheim. Kommunen v. teknisk eining har kontakt med Statnett.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0049/06	06/00012 FITJAVATNET SOM DRIKKEVASSKJELDE. FORSKRIFTER
0050/06	06/00403 SETTEFISK PÅ LOKALITET SAGEN I SAMNANGER. HØYRINGSUTTALE
0051/06	06/00242 DELINGSSAK GNR 19, BNR 8, NORDVIK. KLAGE
0052/06	06/00293 DELINGSSAK GNR 47, BNR 3. - KLAGE
0053/06	06/00419 DELINGSSAK GNR 22, BNR 2.
0054/06	06/00332 BUSTADBYGGING I SAMNANGER - KOMMUNAL MEDVERKNAD
0055/06	06/00343 SØKNAD OM LØYVE TIL FYLLING I SJØ FOR INDUSTRITOMT PÅ PARSELL AV GNR.3 BNR.23 VÅGE
0056/06	06/00351 DELINGSLØYVE PÅ EKSISTERANDE FESTETOMT PÅ GNR 33 BNR 14, VASSENDEN
0057/06	06/00422 KOMMUNEDELPLAN AVLØP 2006-2014 FOR KVAM HERAD.
0058/06	06/00440 DELINGSSAK GNR 3, BNR 23.
0059/06	06/00448 KONSESJONSSAK GNR 32, BNR 48.
0060/06	05/00087 NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER. SØKNAD OM DISP. FRÅ KOMMUNEPLAN OG UTARBEIDING AV REGULERINGSPLAN

0049/06

**FITJAVATNET SOM DRIKKEVASSKJELDE.
FORSKRIFTER**

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta dei punkta som var reist spørsmål ved i saksutgreiinga. Utvalet meinte at ein skulle vera noko mindre streng på pkt om bading og leirslaging og det burde ikkje vera trong for å presisera kva som meinast med organisert beiting. Administrasjonen vart beden om å arbeida punkta inn i føresegnene for kommuneplan.

Vedtak:

Utvalet meiner at ein skulle vera noko mindre streng på pkt om bading og leirslaging enn det som er nemnd i saksutgreiing. Det bør heller ikkje vera trong for å presisera kva som meinast med organisert beiting. Administrasjonen vart beden om å arbeida punkta inn i føresegnene for kommuneplan.

0050/06

**SETTEFISK PÅ LOKALITET SAGEN I SAMNANGER.
HØYRINGSUTTALE**

Framlegg til vedtak::

NVE må vurdera den delen av konsesjonssøknaden som råkar tidlegare tinglyste dommar om rettar til vatnet i elva i Purkedalen. Dette er med tanke på at overføring av elva i Purkedalen til Sagavatnet vil få økonomiske konsekvensar for eventuell bygging av vasskraftverk i Sandelva. Sjå eige merknad frå Haldor J. Vaage, kor han krev at punktet som omhandlar regulering av Purekedalselva vert avslått.

Samnanger kommune vil også gjera merksam på at vatnet frå Purkedalen går ned til kommunalt vassinntak i Rolvsvåg. Gjennom div. planar er det avsett areal til større utbygging både av industri og bustad som gjer at forbruket av vatn frå det kommunale vassverket vil auka monaleg. Det er i dag ikkje avklara om eit evt. bortfall av vatn frå Purkedalselva vil føra til at vassstilførselen til det kommunale vassverket vert for liten.

Samnanger kommune ser det som sjølvstyk at tidlegare vilkår om at drikkevatt til bustadane på Sagen vert sikra vidare..

Samnanger kommune er skeptiske til at reinsa avlaupsvatt skal pumpast opp i Sagavatnet, då dette er drikkevatt til bustadane i område. Reinsa avlaupsvatt må difor gå direkte inn i settefiskanlegget.

Det må reknast med lukt i frå denne type verksemd, men handsaming av avfall må handterast på ein slik måte at det vert minst mogleg lukt. Dette gjeld spesielt i samband med handtering av daudfisk.

Auka produksjon på Sagen Settefisk AS vil ikkje krevja større bruk for areal utover det som er sett av til akvakultur i arealdel i kommuneplan. Ein demning på om lag 1 meter bandlegg på den andre sida meir areal rundt vatnet. Det er bratt rundt det meste av Sagavatnet. Ein meter oppdemming vil såleis ikkje leggje under seg store areal. Størst verknad vil oppdemninga ha i innlaupet til Sagavatnet, kor eit areal på om lag 5 da vil dekkast med vatn. Grunneigarane rundt vatnet er informert om med søknaden, og det er ikkje kjent at oppdemming på 1 meter vil kome i konflikt med andre interesser i område. Det er på den andre sida naudsynt å flytte eit privat pumpehus for vatn og ein trafostasjon tilhøyrande BKK.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak gir ikkje noko eintydig tilråding. Dette vart drøfta, men ut frå dei mange usikre momenta som er tekne med i tilråding var utvalet samd i tilrådinga med ein del mindre endringar.

Vedtak:

NVE må vurdere den delen av konsesjonssøknaden som rårar tidlegare tinglyste dommar om rettar til vatnet i elva i Purkedalen. Dette er med tanke på at overføring av elva i Purkedalen til Sagavatnet vil få økonomiske konsekvensar for eventuell bygging av vasskraftverk i Sandelva. Sjå eige merknad frå Haldor J. Vaage, kor han krev at punktet som omhandlar regulering av Purekedalselva vert avslått.

Samnanger kommune vil også gjera merksam på at vatnet frå Purkedalen går ned til kommunalt vassinntak i Rolvsvåg. Gjennom div. planar er det avsett areal til større utbygging både av industri og bustad som gjer at forbruket av vatn frå det kommunale vassverket vil auka monaleg. Det må avklarast om eit evt. bortfall av vatn frå Purkedalselva vil føra til at vasstilførselen til det kommunale vassverket vert for liten.

Samnanger kommune ser det som sjølvstøtt at tidlegare vilkår om at drikkevatt til bustadane på Sagen vert sikra vidare..

Samnanger kommune går mot at reinsa avlaupsvatt skal pumpast opp i Sagavatnet, då dette er drikkevatt til bustadane i område. Reinsa avlaupsvatt må difor gå direkte inn i settefiskanlegget.

Det må reknast med lukt i frå denne type verksemd, men handsaming av avfall må handterast på ein slik måte at det vert minst mogleg lukt. Dette gjeld spesielt i samband med handtering av daudfisk.

Auka produksjon på Sagen Settefisk AS vil ikkje krevja større bruk for areal utover det som er sett av til akvakultur i arealdel i kommuneplan. Ein demning på om lag 1 meter bandlegg på den andre sida meir areal rundt vatnet. Det er bratt rundt det meste av Sagavatnet. Ein meter oppdemming vil såleis ikkje leggje under seg store areal. Størst verknad vil oppdemninga ha i innlaupet til Sagavatnet, kor eit areal på om lag 5 da vil dekkast med vatn. Grunneigarane rundt vatnet er informert om med søknaden, og det er ikkje kjent at oppdemming på 1 meter vil kome i konflikt med andre interesser i område. Det er på den andre sida naudsynt å flytte eit privat pumpehus for vatn og ein trafostasjon tilhøyrande BKK.

0051/06

DELINGSSAK GNR 19, BNR 8, NORDVIK.

KLAGE

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune har vurdert innspel i klagen, men har ikkje funnet grunnlag for å endra tidlegare vedtak i høve til plan- og bygningslova, § 7, og jordlova, § 12. Klaga vert ikkje teke til følgje.

Handsaming i møte:

Utvalet røysta samrøystes for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune har vurdert innspel i klagen, men har ikkje funnet grunnlag for å endra tidlegare vedtak i høve til plan- og bygningslova, § 7, og jordlova, § 12. Klaga vert ikkje teke til følgje.

0052/06

DELINGSSAK GNR 47, BNR 3.

- KLAGE

Framlegg til vedtak::

Klagen vert ikkje teke til følgje. Det vert etter plan og bygningslova, §§ 7 og 63, ikkje funne grunnlag for å gjeve løyve til frådelling av 3 fritidstomter på gnr/bnr 47/3 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet røysta mot 1 røyst for framlegg til vedtak. Mindretalet på ein røysta mot tilrådinga.

Vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følgje. Det vert etter plan og bygningslova, §§ 7 og 63, ikkje funne grunnlag for å gjeve løyve til frådelling av 3 fritidstomter på gnr/bnr 47/3 i Samnanger kommune.

0053/06

DELINGSSAK GNR 22, BNR 2.

Framlegg til vedtak::

Det vert med heimel plan- og bygningslova, § 7, gitt dispensasjon til å dele i frå våningshus med tuft på om lag 1,5 daa på gnr/bnr 22/2 i Samnanger kommune.

Samnanger kommune gjer i høve til § 12 i jordlova Magne Myrvang løyve til å dela i frå våningshus, hus nr. 2, på gnr/bnr 22/2. Tufta skal vera på om lag 1,5 daa. Frådelinga må ikkje vera til hinder for driftsveg til driftsbygningen på gnr/bnr 22/2. Det må påførast i skøyte og tinglysast at eigar av den nye tufta har gjerdeplikt i høve til beitedyr på gnr/bnr 22/2.

Britt Taule er kjøpar av tufta.

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk samrøystes inn for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert med heimel plan- og bygningslova, § 7, gitt dispensasjon til å dele i frå våningshus med tuft på om lag 1,5 daa på gnr/bnr 22/2 i Samnanger kommune.

Samnanger kommune gjer i høve til § 12 i jordlova Magne Myrvang løyve til å dela i frå våningshus, hus nr. 2, på gnr/bnr 22/2. Tufta skal vera på om lag 1,5 daa. Frådelinga må ikkje vera til hinder for driftsveg til driftsbygningen på gnr/bnr 22/2. Det må påførast i skøyte og tinglysast at eigar av den nye tufta har gjerdeplikt i høve til beitedyr på gnr/bnr 22/2.

Britt Taule er kjøpar av tufta.

0054/06

BUSTADBYGGING I SAMNANGER - KOMMUNAL MEDVERKNAD

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta spørsmål om kommunal engasjement i bustadbygging. Det var semje om at det var svært viktig å koma i gang med vidare utbygging. Administrasjonen vart bedt om å arbeida vidare med tanke på å koma snarast mogleg i gang på Reistad og på Lønnebakken. For området på Reistad vart det tilrådd at kommunen sto for regulering og at det vart arbeidd for at kommunen også kjøpte den aktuelle del av eigedomen. Kommunen må gå i dialog med grunneigarane på Lønnebakken.

Vedtak:

Samnanger kommune startar dialog med grunneigarane for "Erikajorda" på Reistad gnr. 18 bnr. 5 med siktemål å overta delar av eigedomen, regulera han og tilrettelegge for bustadbygging og offentlege føremål.

Kommunen startar ein dialog med grunneigarane for delar av Lønnebakken for å få avklara om og kva planar grunneigarane har i høve til bustadbygging. Det er viktig å få starta ein planprosess for dette området snarast då tomtene i dei eksisterande felta snart er selde.

0055/06

SØKNAD OM LØYVE TIL FYLLING I SJØ FOR INDUSTRI TOMT PÅ PARSELL AV GNR.3 BNR.23 VÅGA

Framlegg til vedtak::

Område der det, i søknad dgs.25.09.06, er søkt om utfylling i sjø, er i kommuneplanen avsett til NFFF område. Det er i søknaden ikkje lagt fram særlege grunnar som tilseiar at dispensasjon frå kommuneplanen kan gjevast. Det vert derfor ikkje gjeve løyve til utfylling av område på gnr.3 bnr.23.

Det vert gjeve løyve til utfylling innanfor område som i kommuneplanen er avsett til ferdselsområde:hamn.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Utvalet var på synfaring på tomta.

Olaug Karin Øystese sa seg ugild i handaming av saka. Vararepresentant **Reidun Abotnes** tok del i handsaminga.

Utvalet var positiv til ei mindre utfylling. Det føreset då at påståande naust på restarealet til kommunen vert reve. Dette arealet har verksemda opsjon på å kjøpa.

Vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon til ei mindre utfylling i sjøp på gnr. 3 bnr. 23. Sjå kart dagsett 18.10.2006. Utfyllinga skal berre gå litt ut i sjøområde sett av til NFFF i kommuneplanen. Omsøkt utfylling vil danna ei naturleg grense mellom industriområdet og NFFF området. Den vil heller ikkje verta særleg skjemmande sidan høgda mellom toppen av industriareal og sjøoverflata vil verta relativt liten. Fjøra lenger inne mot hovudvegen vil ikkje verta utfyllt.

0056/06

DELINGSLØYVE PÅ EKSISTERANDE FESTETOMT PÅ GNR 33 BNR 14, VASSENDEN

Framlegg til vedtak::

Det vert etter §§ 7 og 63 i plan- og bygningslova gjeve løyve til frådeling av ei eksisterande festetomt med hytte på gnr/bnr 33/14.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dele i frå ei eksisterande festetomt med hytte på gnr/bnr 33/14.

Handsaming i møte:

Utvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegget.

Vedtak:

Det vert etter §§ 7 og 63 i plan- og bygningslova gjeve gjeve løyve til frådelling av ei eksisterande festetomt med hytte på gnr/bnr 33/14.

Det vert etter jordlova § 12, *Deling*, gjeve løyve til å dele i frå ei eksisterande festetomt med hytte på gnr/bnr 33/14.

0057/06

KOMMUNEDELPLAN AVLØP 2006-2014 FOR KVAM HERAD.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune ser positivt på Kommunedelplanen for avlaup for det som gjeld Eikedalen i Samnanger.

Samnanger kommune vil saman med Kvam arbeida vidare med teknisk / økonomisk løysing og driftsform.

Handsaming i møte:

Utvalet røysta samrøystes for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune ser positivt på Kommunedelplanen for avlaup for det som gjeld Eikedalen i Samnanger.

Samnanger kommune vil saman med Kvam arbeida vidare med teknisk / økonomisk løysing og driftsform.

0058/06

DELINGSSAK GNR 3, BNR 23.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune får løyve til å dela frå eit areal på om lag 800 m² på gnr.3 bnr.23 til Safjord Eigedom DA. Arealet ligg i eit område som i kommuneplanen er avsett til Industriføremål. Eventuell utfylling mot sjø kan berre skje i austleg retning med avgrensing retning for sørgrensa for parsellen. Nordetter er det gitt opsjonsløyve for utviding av arealet.

Handsaming i møte:

Olaug Karin Øystese sa seg ugild, og ho tok ikkje del i sakshandsaminga. Reidun Abotnes møtte som varamedlem for ho.

Utvalet var samd i at arealet kan delast frå. Det vart vist til vedtak i sak 55/06, og med dette som utgangspunkt vart siste del av framlegg til vedtak teke ut.

Vedtak:

Samnanger kommune får løyve til å dela frå eit areal på om lag 800 m² frå gnr.3 bnr.23 til Safjord Eigedom DA. Arealet ligg i eit område som i kommuneplanen er avsett til Industriføremål.

0059/06

KONSESJONSSAK GNR 32, BNR 48.**Framlegg til vedtak::**

Lars Arthur Olsen vert gjeve konsesjon med heimel i "Lov 28. november 2003 nr 98 om konsesjon for erverv av fast eigedom", § 1, til kjøp at halvpart av gnr/bnr 32/48 i Samnanger kommune. Lars Arthur Olsen vil då eige 100 % av gnr/bnr 32/48.

Arealdel til kommuneplan til Samnanger kommune opnar ikkje opp for bygging av hytte på eigedommen ei dag.

Handsaming i møte:

Utvalet røysta samrøystes for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Lars Arthur Olsen vert gjeve konsesjon med heimel i "Lov 28. november 2003 nr 98 om konsesjon for erverv av fast eigedom", § 1, til kjøp at halvpart av gnr/bnr 32/48 i Samnanger kommune. Lars Arthur Olsen vil då eige 100 % av gnr/bnr 32/48.

Arealdel til kommuneplan til Samnanger kommune opnar ikkje opp for bygging av hytte på eigedommen ei dag.

0060/06

**NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.
SØKNAD OM DISP. FRÅ KOMMUNEPLAN OG UTARBEIDING AV
REGULERINGSPLAN**

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gir etter plan- og bygningslova, § 7, dispensasjon frå arealdelen til kommuneplan og frå krav om utarbeiding av reguleringsplan for leidningstrase frå Samnanger mot Eidfjord. Det vert på den andre sida etter plan- og bygningslova §§ 22 og 23 sett krav til regulering av området for utviding av trafostasjon i Børdalen og område som vert knytt til i samband med deponering av massar.

Handsaming i møte:

Øyvind Røen sette fram framlegg om det ikkje skulle gjevast dispensasjon får krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Vedtak:

Samnanger kommune gir etter plan- og bygningslova, § 7, dispensasjon frå arealdelen til kommuneplan og frå krav om utarbeiding av reguleringsplan for leidningstrase frå Samnanger

mot Eidfjord. Det vert på den andre sida etter plan- og bygningslova §§ 22 og 23 sett krav til regulering av området for utviding av trafostasjon i Børdalen og område som vert knytt til i samband med deponering av massar.